

Digitalt skjema for eigenregistrering til fødejournal i forkant av fødsel i Helse Førde - Informasjon til helsestasjonar og fastlegar

Kvinneklubben i Helse Førde tilbyr no elektronisk innskrivning for gravide, der dei kan gje relevante opplysningar til fødejournal i forkant av fødsel via innlogging på helsenorge.no.

Lenke til skjemaet <https://helse-vest.no/skjema/fode> vil ligge i innkallingsbrev til time for ultralyd mellom veke 18 og 22. Når registrering er sendt inn elektronisk vil informasjonen bli lagra som eit journaldokument i DIPS, samt overført til Natus. Merk at dette berre gjeld gravide busett i Helse Vest- regionen. Personale ved avdelinga vil kvalitetssikre at innsendte data kjem riktig inn til Natus. Vi beklagar at no i oppstarten er den digitale versjonen berre i bokmålsversjon, men vi oppfordrar pasientane til å bruke denne.

Dersom situasjonen endrar, seg i forhold til spørsmåla i skjemaet, ber vi fastlege/helsestasjon å oppmode dei gravide om å logge på og fylle inn nytt skjema med oppdatert informasjon.

For å nytte digitalt skjema må den gravide ha personnummer og digital identifikasjon som Bank-ID.

Det er ikkje mogeleg å legge vedlegg til innskrivningsskjemaet. Helsekort for gravide, svarskjema med Blodgruppe og Rhesus samt andre blodprøvesvar, må den gravide ta med seg ved kontakt med Fødepoliklinikken eller Fødeavdelinga.

Er det problem med å fylle ut skjema, kan ein kontakte helsenorge.no på telefon 23 32 70 00